

22/992 - Hørings svar fra Anne-Lene Norman på Innspill til neste folkehelsemelding - via regjeringen.no

Vårt saksnummer: 22/992

Høring: Innspill til neste folkehelsemelding

Levert: 04/29/2022 12:23:57

Svartype:

Gruppering av høringsinstanser: Fylkeskommune

Avsender: Anne-Lene Norman

Kontaktperson: Anne-Lene Norman

Kontakt e-post: anne-lene.norman@vlfk.no

Folkehelsearbeid er samfunnsarbeid.

Folkehelsearbeid handlar om å arbeide for gode levekår og livskvalitet for innbyggerane. Kommunane er ein sjølvsgad aktør i arbeidet. Men har ikkje verkøy, som forvaltingsnivå åleine, til sosial utjamning på alle nivå. Ny folkehelsemelding må bygge på samfunnsperspektivet. I mange år har folkehelseiltak vore prega av førebyggingsarbeid innan psykisk og somatisk helse. Det har ofte handla om utsette individ/grupper. Dette førebyggingsarbeidet er helsevesenet best rusta til å ta seg av. I eit helsefremmande samfunnsperspektiv kan betre mental/somatisk helse vere eitt av fleire biprodukt av gode levekår og livskvalitet.

Lov om folkehelse har som mål å skape fleire leveår med god helse hos innbyggerane. Til dette ligg å redusere sosiale helseskilnadar mellom sosioøkonomiske grupper, etniske grupper og mellom kvinner og menn (Meld.St. 10 2014-2015). Lalonderapporten (1974) konkluderer med at folk si helse vert påverka av ein kombinasjon av mennesket sin biologi, miljøet, livsstil og kvaliteteten på helsevesenet (Lalonde, M. *A new perspective of the health of the Canadians - a working document*, 1974)

Via Whitehead og Dahlgren *Helsens påvirkningsfaktorer* (1991) konkluderer Marmot-kommisjonen med at utjamning av helseskilnadar handlar om sosial rettferd og etikk - fordi det er eit resultat av politiske, sosiale og økonomiske val. Sosial ulikskap og rettferd er eitt av fleire fokusområde sosial berekraft og folkehelse deler (Marmot, M.G. *Fair Society, Healthy Lives. The Marmot Review*, 2010).

Konkrete punkt for ny folkehelsemelding:

- Det er sentralt med ei overordna omgrepsavklaring, synergjar og overlapping mellom folkehelsearbeid, sosial berekraft og sosial utjamning.
- Folkehelseomgrepet snur folk si merksemd mot helsevesenet og førebygging. Det kan vere oppklarande å *skifte folkehelse- og helsefremningsomgrepa ut med Levekår og livskvalitet*
- Internasjonalt har WHO ansvar for folkehelse. Meir naturleg kunne dette ansvaret lagt hos UNDP som t.d. bidreg med levekårsundersøkingar og - index. Sidan WHO har det internasjonale ansvar, har helsedep. og direktorat blitt

nasjonale aktører. Samfunnsperspektivet som folkehelse er fundert på vil naturleg høyre heime i Kommunaldepartementet (KMD) i Norge.

- Styrke kommunane sitt arbeid med folkehelse/levetår gjennom meir samordna (folkehelse-) politikk. Utvikle nasjonale verkemiddel og strukturar for å redusere sosiale helseskilnadar.
- I følgje The Lancet Countdown vil mange av løysingane som er naudsynte for å løyse klimakrisen også gje folk betre liv. Handlingar for å arbeide for klimaendringar, gjort på ein riktig måte, kan *betre helse og rettferd*.
- I det helsefremmande arbeidet har fylkeskommunen ei lovpålagd rolle. Denne samordnar- og pådrivarrolla bør tydeleggjerast og konkretiserast i ny folkehelsemelding. Det er vanskeleg for kommunane å handtere alle ulike enkelttiltak i nasjonal regi som har vore faktum, spesielt i løpet av dei siste 8-9 år. Det er stort behov for å koordinere folkehelse-/levetårsarbeidet - og behov for vedvarande og omfattande innsats for at alle kommunar skal jobbe kunnskapsbasert på dette området etter 2027.

Alle svar må gjennom en manuell godkjenning før de blir synlige på www.regjeringen.no.